

Arkiv: FE-026, TI-&01
JournalpostID: <jpID> 20/12854
Saksbehandlar:
Dato: 05.03.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
020/20	Alver formannskap	12.03.2020

Klage på vedtak om avvisning av krav om lovlighekskontroll

Vedlegg i saken:

02.03.2020	Vedlegg 1_Klage fra FNB dater 21.02	1358411
05.03.2020	Vedlegg 2_Administrativt vedtak, datert 17.02	1360286
05.03.2020	Vedlegg 3_Krav fra FNB Alver_10.12.19	1360287
05.03.2020	Vedlegg 4_Epost fra administrasjonen, datert 27.12.19	1360288
05.03.2020	Vedlegg 5_signert krav om lovlighekskontroll, datert 27.12.19	1360289
05.03.2020	Vedlegg 6_Innkalling styringsgruppemøte 28.11.19	1360290
05.03.2020	Vedlegg 7_Protokoll styringsgruppemøte	1360291

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Klage på administrativt vedtak i sak 20/8610 om avvisning av krav på lovlighekskontroll, blir ikkje tatt til følgje.
- Saka blir sendt over til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd

Alver formannskap 12.03.2020:

Behandling:

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

FO- 020/20 Vedtak:

Saka er utsett.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn:

I epost datert 10.12.19 ber Alver FNB, ved gruppeleiar Morten Klementsen, om lovlighekskontroll for møte i formannskapet – styringsgruppemøte 28.11.2019. Kravet om lovlighekskontroll frå FNB Alver var signert av gruppeleiar. I kommunelova § 27-1 i står det at tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan krevje at departementet kontrollerer om eit vedtak er lovleg. Eit slikt krav må fremjast innan tre veker frå vedtaket blei fatta. Kravet frå FNB Alver kom inn 10.12.19, slik at kravet om tre veker var stett. Men kravet var berre signert

av eitt kommunestyremedlem. Dette blei presisert i epost frå administrasjonen 27.12.19, og same dag leverte FNB Alver eit krav med tre underskrifter av kommunestyremedlemmar frå Alver FNB.

Det rettslege grunnlaget for krav om lovliggjeksontroll følgjer av kommunelova § 27. Det følgjer av kommunelova § 27-1 at tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman kan krevje at departementet kontrollerer om eit vedtak er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker. Og det skal bli sett fram for det organet som traff vedtaket. Det framgår vidare av § 27-2 første ledd, kva som kan lovliggjeksontrollerast, og det er:

- a. Endelig vedtak som er truffet av et folkevalgt organ eller den kommunale administrasjonen.
- b. Vedtak om et møte skal holdes for åpne eller lukkede dører.
- c. Vedtak som gjelder spørsmål om habilitet.

Av same paragraf sitt andre ledd framgår kva som ikkje kan lovliggjeksontrollerast, og det er

- a. Andre prosessleidende avgjørelser enn de som er omtalt i første ledd punkt b og c.

Grunngjeving for avvisning av krav om lovliggjeksontroll

Det blei sendt eit administrativt vedtak til Alver FNB datert 17.02. Konklusjonen er at det ikkje er grunnlag for Alver FNB sitt krav om lovliggjeksontroll etter kommunelova §§ 27-1 og 27-2, og kravet blei dermed avvist. Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova som kan påklagast.

Grunngjevinga for konklusjonen var følgjande:

Møte den 28.11.19, som kravet er retta mot, var eit styringsgruppemøte i samband med prosess med byvekstavtale. Formannskapet i Alver var styringsgruppe for denne prosessen (jf. KO-sak 18/19). Styringsgruppemøtet den 28.11.19 var eit orienteringsmøte, kor det mellom anna blei orientert om innhaldet i framforhandla byvekstavtale og prosessen med signering av avtalen. I møtet blei det orientert om at den framforhandla avtalen skulle signerast av alle partar, slik at den kunne bli lagt fram for endelig lokalpolitisk handsaming i kvar kommune og fylkeskommune. Det var leiar av forhandlingsutvalet, ordførar i Alver kommune, som skulle signere framleggelsen til byvekstavtale. Det blei også klargjort at signeringa hadde ingen rettsverknadar, den var eit grunnlag for vidare handsaming hjå dei enkelte partane.

Møtet 28.11.19 var eit reikt orienteringsmøte om vidare prosess for byvekstavtalen, og det blei altså ikkje fatta nokre vedtak knytt til byvekstavtalen, og det er dermed ikkje grunnlag for lovliggjeksontroll knytt til denne. Alver FNB peika på i sitt krav at dei ba «om avstemning i sak om å undertegne Byvekstavtale, som var tema for møte» alternativt «at det ble protokollført at Alver FNB sine 3 representanter i Styringsgruppen ikke ville støtte undertegnelsen av nevnte byvekstavtale», men at dette blei avvist av møteleiar (leiar for styringsgruppa - ordførar).

Slik kravet er lagt fram meiner Alver FNB at denne avvisninga ligg innanfor saksområdet til kommunelova §§ 27-1 og 27-2, men det ligg ikkje føre vedtak frå møtet om avvisning av det nemnde som kan vere gjenstand for lovliggjeksontroll. Denne typen avgjærder vil ein uansett måtte sjå på som prosessleiande, og er derfor av ein anna type enn det som kjem fram i § 27-2 første ledd bokstav b. og c., og derfor unntatt lovliggjeksontroll.

Ettersom styringsgruppemøtet var eit orienteringsmøte, er det ikkje fatta endeleg vedtak som kan vere grunnlag for lovliggjeksontroll, jf. § 27-2 første ledd bokstav a. Det er først ved endeleg handsaming og vedtak av ei sak ein kan krevje lovliggjeksontroll.

Klage på administrativt vedtak

Alver FNB har sendt inn klage på det administrative vedtaket om avvisning av krav om lovligghetskontroll. Klagen kom inn på epost 21.02.2020 og var innafor 3 vekers fristen i forvaltningslova. I klagen står det følgjande: *Klagerne av lovligghetskontroll er ikke fornøyd med at saken behandles av kommunens ansatte. Vi fremsetter herved at klagen må sendes videre til Settefylkesmann eller Departementet for behandling. Igjen ber vi om konfirmasjon av mottak av denne melding, samt en rask videresending til rette instans som etter vår påstand er Settefylkesmann eller departement. Svar på lovligghetskontroll har tatt svært lang tid, og det forutsettes at denne saken blir prioritert. Om svar ikke foreligger innen rimelig tid, vil vi oversende saken videre til Kontrollutvalget i Alver*

Vurdering

I kommunelova § 27-1 står det at krav om lovligghetskontroll skal leggjast fram for utvalet som traff vedtaket. Ettersom denne saka ikke er retta mot eit endeleg vedtak i samsvar med § 27-2, bokstav a, vurderte rådmannen at det ikke er grunnlag krav om lovligghetskontroll. Saka blei dermed avvist administrativt. Vedtaket kunne påklagast og Alver FNB har sendt inn klage. Rådmannen vel å legge klagesaka fram for utvalet kravet er retta mot, nemleg formannskapet i Alver.

I klagen til FNB Alver blir det presisert at FNB ikke er nøgd med at saka er handsama av kommunen sin administrasjon, og ber om at klagen blir sendt vidare til settefylkesmann eller departement. Utover dette kjem det ikke inn nye element i forhold til å vurdere eit krav om lovligghetskontroll. Rådmannen opprettheld sitt vedtak om å avvise kravet om lovligghetskontroll, og klagen frå FNB blir ikke tatt til følgje. Saka blir sendt over til Fylkesmannen i Vestland for endelig avgjerd.

Rådmannen beklagar at det har tatt lang tid å handsame denne saka.